



Sue og Richard i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I 2003 kjøpte Richard Marriott frå Woodbridge nær Ipswich i England seilbåt. I dei seks åra som har gått sidan har han stort sett sigla i sumarhalvåret - og stort sett i dei nordiske landa, som han held for å vera eit eldorado for båtfolk. Sidan tidleg i juni i år har han og sambuar Sue Newbery tråkla seg nedover frå Narvik. Og i dag (torsdag) er paret å finna i Uskedalen!

- Har du vore innom mange norske fjordar?
 - Diverre ikkje alle, til dømes ikkje Sognefjorden. Han vart for lang for oss. I Hardangerfjorden var vi vore inn til Rosendal, men derifrå tok vi bussen til Sundal.

Ellers har vi besøkt mange stader i dei nordiske landa. Til og med innover Saima kanal i Finland har vi sigla og vore heilt inn til St. Petersburg.
 I fjor gjekk ferda så langt vi kunne koma nordover i Bottenviken. Der 'parkerte' vi og så tok vi båten over fjellet til Narvik i år.

No planlegg vi ei tilsvarande 'vinterparkering' - truleg i Gøteborg - for så å koma attende i Skandinavia neste sommar. Vi sviktar ikkje dette området!

- Vi går ut frå at du er pensjonist....
 - Ja, eigentleg er eg det, men eg freistar å gjera noko om vinteren!

Av Ola Matti Mathisen